

- Verdiskaping
- Mennesket i sentrum
- Utviklinga i Hordaland
- Den regionale politikken

# 4 Generelle utfordringar

## 4.1 Verdiskaping

Verdiskaping generelt skjer i ulike former og i mange delar av samfunnet: - i privat næringsliv, i offentleg sektor, frivillige organisasjonar osv.

Ein kan skilja mellom økonomisk verdiskaping og indirekte verdiskaping som fremjar velferd og omsorg. Indirekte verdiskaping handlar til dømes om kulturelle opplevingar for einskildmenneske, miljømessige betringar og andre felt der verdiskapinga ikkje så lett lar seg måla i kroner og øre.

Hordaland 2005 – 2008 har fokus på den økonomiske verdiskapinga som skjer i næringsverksemd i private og offentlege bedrifter.

Føresetnadene for økonomisk verdiskaping vert påverka både av ytre rammevilkår, som i all hovudsak er gitt, og faktorar som verksemda i større grad kan påverka sjølv.

Tilgangen og prisen på råvarer, situasjonen på verdsmarknaden, trendar, lover, reglar, handelshindringar m.m. er døme på ytre rammevilkår som det er vanskeleg å påverka


på kort sikt. Dei påverkar potensialet for verdiskaping, men verksemda må i stor grad ta dei for gitt.

Innanfor desse rammevilkåra kan verksemda anten sjølv eller i samspel med andre påverka andre slags faktorar som gir høve til verdiskaping. Det kan vera fysisk lokalisering av verksemdar, den nære infrastrukturen som veg fram til hovudveg, dataliner, produksjonslinjer, tilgang på energi, kulturtilbod i regionen i samband med rekruttering, m.m.

Verdiskapinga er óg avhengig av lokale styresmakter og den enkelte verksemda sitt handlingsrom og vilje til å bruka verkemidlar og endra eller fjerna hindringar.

Menneskelege ressurser står også sentralt. Det som avgjer om ei verksemd er ein suksess eller ikkje, er den kompetansen og kulturen som verksemda og verksemda sitt nettverk innehar. Sentrale verdiar er omstillingsevne, kreativitet, kremmarånd og etablererkultur.

Samla vil desse faktorane vera med på å leggja grunnlaget for økonomisk verdiskaping.



## 4.2 Mennesket i sentrum

### Deltaking og likestilling

Hordaland er eit fleirkulturelt samfunn. Menneske kjem hit frå heile verda, på vitjing, for å arbeida her og for å bu her. Dette er ein stor ressurs for Hordaland. Store ungdomsgrupper utdannar seg her og set sitt preg på byar som Stord og Bergen. Folk lever lenger, og dei eldre vert ei stadig viktigare gruppe i samfunnet.

Folk har ulike bakgrunn og evne til å møte dei mange krava som samfunnet stiller. Mange menneske har nedsett funksjonsevne i periodar av livet. Mistydingar og isolasjon kan oppstå når folk ikkje kommuniserer med kvarandre, på grunn av språklege eller andre barrierer. Det er store ressursar og kompetanse i dei ulike befolkningsgruppene. Det er eit mål at alle menneska skal kunna nytta ressursane og kompetansen sin, til glede og nytte for seg sjølv og samfunnet.

Inkludering og tilrettelegging er sentrale strategiar for å sikre deltaking og likestilling, og brukarperspektiv og brukarmedverknad må leggjast til grunn i arbeidet.

Biblioteka, musea, dei frivillige organisasjonane og skulane har eit særleg ansvar for å leggja til rette for tiltak som medverkar til kulturelt fellesskap, og å invitera til samvær og dialog mellom menneske av ulike alder og med ulike kulturelle bakgrunn.

Å møte utfordringane i eit mangfaldig samfunn krev høg og til dels ny kompetanse av tilsette i det offentlege tenesteapparatet – dei som til dagleg arbeider med integrering og inkludering av etniske minoritetar. *Hordalandsmodellen – Kompetanseheving i tverrkulturell forståing*, utvikla av Hordaland fylkeskommune, er eit vellukka resultat av langsiktig satsing. Det er trong for at arbeidet held fram, for å møte nye kunnskapskrav i integreringsarbeidet.

Reell likestilling mellom kjønna er ein føresetnad for at alle hordalendingar skal kunne realisere sine evner, og bruke sine ressursar til det beste for fellesskapet.

Universell utforming vil seia å utforma produkt og omgjevnader slik at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing eller spesiell utforming. Det er ei nasjonal satsing å betra tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, og i Hordaland vert det utarbeidd ein eigen fylkesdelplan for dette.

### Kommunikasjonsteknologi

Stadig meir kommunikasjon skjer elektronisk. Teknologiske nyvinningar skjer stadig hurtigare og gir grobotn for auka kommunikasjon og samhandling. Utvikling og bruk av IKT skal medverka til å effektivisera offent-



leg sektor og tilby nye og betre tenester, og til verdiskaping gjennom auka innovasjon og konkurransekraft i næringslivet. Universell utforming og tilgjenge av IKT skal medverka til vern og vidareutvikling av kulturarv, identitet og språk. Det er eit mål alle i fylket ved utgangen av plaperioden skal ha tilgang til raske breibandstenester, ref. nasjonal målsetting om at minst 95% av innbygjarane skal ha tilgang på slike tenester innan 2008.

### Folkehelse

Ei side av den teknologiske utviklinga er at folk ikkje brukar kroppen så mykje som før i tida. Det har konsekvensar for folkehelsa. Mål for folkehelsepolitikken er å oppnå auka levealder med god helse og å utjamna skilnader på helsetilstanden mellom ulike delar av landet. Innsatsområda for å nå måla er auka fysisk aktivitet og meir fokus på spørsmål kring ernæring, rus og psykisk helse.

Fysisk aktivitet har eit stort potensial som verkemiddel for å betra folkehelsa. Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2002), har som hovudmål at alle i Hordaland skal ha høve til og bli stimulerte til å driva med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i nærmiljøet sitt etter sine eigne ønskje, behov og føresetnader. Hordaland skal vera eit leiande fylke når det gjeld å leggja til rette for fysisk aktivitet, med fokus på lågterskeltilbod som innbyr til fysisk aktivitet utan særlege krav til den einskilde.

Satsinga går inn i ei nasjonal folkehelsekjede og eit partnerskap mellom fylkeskommunen, kommunane og organisasjonar for å oppnå betre resultat. Fylkeskommunen har også eit ansvar for tannhelsa gjennom arbeidet til fylkestannlegen.

## 4.3 Utviklinga i Hordaland

### Særtrekk ved Hordaland

Hordaland er eit fylke som klarer seg godt, jamført med andre norske fylke og europeiske regionar. Mange av utfordringane er av nasjonal karakter og heng saman med internasjonale trendar, høgt kostnadsnivå og ulemper knytt til avstand og topografi.

Samanlikna med andre regionar i Vest-Europa har bedriftene i Noreg og Hordaland få nye produkt på marknaden, låg del industriproduksjon basert på høgteknologi og mindre ressursbruk på innovasjon, FoU og IKT.

Hordaland har store inntektsgevande naturressursar og er fylket med størst eksport av tradisjonelle varer, målt i eksportverdi, og mellom dei største eksportørane av fisk, andre matvarer og opparbeidde varer. 40% av Noregs eksport av olje og gass er frå Hordaland, i hovudsak frå raffineriet på Mongstad. Olje- og gassverksemd, delar av privat tenesteyting og industrinæringane har særleg mykje å seia for bruttoregionalproduktet.

Dei siste 20 åra har det vore sterk vekst i sysselsettinga innanfor tenesteyting, mens talet på sysselsette i primærnæringane har gått jamt nedover.

Etter nokre dårlege år har no mange bedrifter i Hordaland tru på auka lønsemd. Optimismen er størst innan varehandel, eigedomsdrift og forretningsmessig tenesteyting. Her ventar over 40% betra resultat i 2005. (Kjelde: Næringsbarometeret)

Hordaland har høgt gjennomsnittleg utdanningsnivå, særleg når det gjeld høgare utdanning, og relativt mange med fagutdanning på vidaregåande nivå. Det er mange tekniske fagskular i fylket. Noreg er ikkje mellom dei mest FoU-intensive og innovative landa, og ligg på mange indikatorar langt etter nabo-



Lofthus.  
Foto: Hordaland Reislivslag/  
A. Dalton

landa Sverige og Danmark. På same måte finst det skilnader mellom ulike delar av Noreg.

Offentleg forskings- og utviklingsaktivitet er gjerne konsentrert til sentrale strom, medan næringslivet si innovasjonsverksemd er meir spreidd utover landet. Innbyggjarane si utdanning, næringsstrukturen og innslaget av store einingar i næringslivet har mykje å seia for begge typar aktivitetar, men det er ikkje nødvendigvis slik at regionar med mykje innovasjon også har mykje FoU (eller motsett).

### Regionane i Hordaland i endring

Hordaland vert i statistiske samanhengar ofte kalt eit 10 %-fylke og eit gjennomsnittsfylke. Vi har 10 % av folketalet, og befolkninga si samansetjing er stort sett på landsgjennomsnitt. Dette gjeld for fleire tilhøve enn demografi, men det løyner eit særtrekk ved Hordaland, nemleg stor variasjon. I høve til natur og naturressursar, busetnad,

næringsliv og sysselsetting er Hordaland meir mangfaldig og variert enn dei fleste andre fylka i Noreg.

Hordaland har vore kjenneteikna av spreidd busetnad med mange og små tettstader, og med Bergen som den dominerande byen. Dette er i endring. Sentralisering og urbanisering pregar utviklinga over heile verda og i Hordaland, med store konsekvensar for sysselsetting, busetnad og landskap.

Veksten i dei tenesteytande næringane skjer i byar og tettstader. I 2003 budde 78% av innbyggjarane i Hordaland i tettstader. Folketalet i indre delar av fylket stagnerer eller går ned. Ytre delar, og særleg Bergensregionen, veks raskare enn før. Området som kan definerast som ein felles arbeids-, bustad og service-region, med Bergen som hovudsenter, vert utvida geografisk.

Delar av fylket har svak næringsutvikling og nedgang i folketalet. Hardanger har store

---

**Ein administrativ region**  
eit fylke, ein landsdel eller ein nasjon

---

**Ein funksjonell region**  
eit geografisk område som har felles arbeids-, bustad- og servicemarknad. Også kalt ein ABS-region

---

Bergensscenarier 2020 viser ulike utviklingsbaner for regionen. Eit godt samspel mellom byen og regionen er ein viktig føresetnad for scenario 5+, som skildrar ein blomstrande gründerby i ein dynamisk region

naturattraksjonar, men også store avstandar og få større sentra. Regionen er avhengig av landbruk og industri, som begge er bransjar i sterk omstilling.

Med Trekantsambandet er Sunnhordland og Nord-Rogaland knytt tettare saman og framstår som ein dynamisk næringsregion med stor maritim og marin aktivitet.

Rimeleg reisetid til arbeidsplassar og tenester har mykje å seia for kvar folk slår seg ned. Betre kommunikasjonar gjer at stadig større område får felles arbeids-, bustad- og service-marknad. Store regionar er meir livskraftige og mindre sårbare i høve til svingingar i næringsutviklinga.

Kommunegrensene får stadig mindre å seia. Ved ei samordna areal- og transportplanlegging kan dei funksjonelle ABS-regionane utvikla seg på ein berekraftig og miljøvenleg måte, med effektiv arealutnytting og lågast mogleg transportbehov.

Dei ulike regionane og delane av fylket har framleis kvar sine særtrekk, og må utfylla kvarandre med omsyn til ressursar, kulturelt mangfald og grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping.

### **Storbyen Bergen i høve til resten av fylket**

Bergen som fylkeshovudstad fyller mange funksjonar for omlandet, fylket, Vestlandet og nasjonen. Det gjeld offentleg verksemd, utdanning og forskning, helsesektoren, kulturlivet, handel, service og kommunikasjonar. Om lag 2/3 av alle arbeidsplassane i fylket er i Bergen.

I eit verdiskapingsperspektiv har Bergen sitt finans- og kompetansmiljø mykje å seia. Bergen er den marine hovudstaden i Noreg, og feltet er eit vellukka døme på nært og fruktbart samkvem mellom næringsutvikling, forskning og forvaltning, og mellom by og land.



Bergen er det sterkaste miljøet for kulturbaserte næringer utanfor Oslo.

Det er ei utfordring å betra kontakten mellom by og land, og spela på lag. Formelle og uformelle nettverk mellom Bergen og resten av fylket må stimulerast. Utvikling av samkvemmet med kompetansebyen Bergen vil kunne styrkja innovasjonsevna, og satsinga på reiseliv er ei felles interesse.

Ei god regional utvikling for Hordaland krev to ulike perspektiv: å nytta ressursane i Bergen slik at dei kjem både byen og heile fylket til gode, og leggja til rette for ei positiv utvikling i fylket elles.

Det er eit overordna mål å realisera og utnytta potensialet for betre samband og samarbeid mellom Bergen som storby og drivkraft, og dei andre delane av fylket.

## **4.4 Den regionale politikken**

Den regionale politikken skal utvikla regionen sine ressursar og føremoner. Folkevald styring av den regionale politikken vert sikra av det regionale styringsnivået – i dag fylkeskommunen. Eit sterkt regionalt styringsnivå vil vera ei motkraft til ein sterk og dominerande stat og den auka sentraliseringa som pregar både busettingsmønsteret og mange samfunnsområde i Noreg.

### **Norske storbyar**

landsdelsentra Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanager, Kristiansand og Tromsø.

St.meld. nr. 31 (2002. 2003) Storbymeldinga

Politikarar som kjenner regionen har dei beste føresetnadene for å styra den regionale utviklinga. Regionen er også ein tenleg arena for samverke mellom alle dei ulike aktørane som har interesser og mynde innanfor offentleg sektor, forskning og utdanning, næringsliv og organisasjonar.

Mykje av utviklinga i regionen blir fastsett av standardisert statleg sektorpolitikk – lite samordna i høve til regionale særtrekk og utfordringar. Ved å samla fleire verkemiddel på regionalt nivå kan ein utforma ein heilskapleg og regionalt tilpassa utviklingspolitikk og oppnå større effekt av verkemidla. Regionalt styrte verkemiddel gjer det også lettare å mobilisera ulike aktørar på det regionale nivået til felles innsats i utviklingsarbeidet. Særleg viktig er samarbeidet med kommunane og med storbyen Bergen.

Hordaland fylkeskommune har gått saman med Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre

og Romsdal i Vestlandsrådet. Deltaking i Vestlandsrådet legg til rette for felles innsats og samarbeid på tvers av fylkesgrensene. Eit slikt regionalt nivå med meir enn eitt fylke må m.a. få overført mynde og verkemiddel frå staten.

Målet er å utvikla Vestlandet sine ressursar og hevda regionen sine interesser og behov. Vestlandet er ein berebjelke i den økonomiske utviklinga i Noreg. God tilrettelegging for vidare næringsutvikling og innovasjon står sentralt. Dette handlar særleg om tiltak innan samferdsel, energi, kompetanse og kultur og å medverka til å finna gode finansieringsløyisingar. Vestlandsrådet ønskjer større råderett over verkemiddel som kan fremja ei god utvikling i denne landsdelen. I løpet av planperioden må det avklarast om det er grunnlag for å utvikla samarbeidet vidare i retning av eit samla Vestlandsfylke.



Hordaland har meir enn 30.000 studentar, dei fleste i Bergen. Studentane medverkar til eit mangfaldig uteliv og gjer byen til en livleg møteplass. Foto: [www.visitbergen.no](http://www.visitbergen.no)